

Norrøn og samisk religion i religionsfaga i norsk skule

Av Eldar Heide & Per Bjørnar Grande

Abstract

Eldar Heide, professor, Western Norway University of Applied Sciences
Per Bjørnar Grande, Ph.D., docent, Western Norway University of Applied Sciences
Norse and Sami Religion within the Subject of Religion in Norwegian schools

This article examines several points: 1) what position Scandinavia's pre-Christian religions, i.e. Old Norse religion and Sami religion, have in Norwegian curricula and text books for children aged 6 – 18; 2) it comments on the changes in the curriculum shift in 2020, 3) discusses the correspondence between curricula and text books regarding Old Norse and Sami religion, 4) evaluates the quality of what is said in the text books about these two religions, and 5) argues that Old Norse religion should have a more prominent position in the religion subjects in Norwegian schools, while Sami religion should retain the position that it has occupied during the last two decades. Until 2020, the curriculum *Kunnskapsløftet* required a good deal about Sami religion in the textbooks, but, surprisingly, some books do not conform to this. At the same time, *Kunnskapsløftet* did not suggest that Old Norse religion be included. Still, most textbooks do have between one paragraph and a couple of pages about this religion. Seemingly, the authors of the textbooks disagreed with the curriculum, and felt that Old Norse religion belonged in a Norwegian textbook on religion. The new curriculum, *Fagfornyninga (Fagfornyelsen)*, specifies a drastic reduction in the coverage of Sami religion. At the same time, *Fagfornyninga* opens up for more about Old Norse religion than did *Kunnskapsløftet*. Our arguments in favour of (more) on Sami as well as Old Norse religion in the religion subjects taught in Norwegian schools are both pedagogical and valid in terms of cultural politics. Both religions are essential parts of Scandinavia's heritage, which the coming generations should know about. Moreover, ethnic religions like these are invaluable pedagogically because they are not just different from the 'book religions', but are *opposite* to them in virtually every aspect. Finally, the study of local, ethnic religions opens up for interdisciplinary teaching, using excursions to nearby pre-Christian cultic sites, combining religion, folklore, literature (legends), language (sacral place names), history, and physical education.

Keywords

History of religion, Religious studies, Old Norse religion, Sami religion, Didactics of religion, Curriculum, Interdisciplinary teaching.

1. Innleiing

I denne artikkelen skal vi 1. undersøke kva plass dei førkristne religionane i Norden, altså norrøn¹ religion og samisk religion, har i norske læreplanar og skulelærebooks i KRLE / religion og etikk i dag, 2. kommentere endringane i læreplanskiftet i 2020, 3. kommentere samsvaret mellom læreplanar og lærebooks når det gjeld norrøn og samisk religion, 4. vurdere kvaliteten på det som står i lærebookene om desse to religionane, og 5. argumentere for at norrøn religion skal få større plass i faget KRLE / religion og etikk i Noreg, samtidig som samisk religion bør behalde den plassen han har fått dei siste par tiåra. Argumenta for dette er både pedagogiske og kulturpolitiske.

Bakgrunnen for at vi tek opp desse spørsmåla, er at vi meiner det er viktig å drøfte innhaldet i religionsfaga i norsk skule i dag, med bakgrunn i læreplanskiftet. Kva skal desse faga vera, i ei tid der Noreg ikkje berre er i sterk endring når det gjeld religion og livssyn, men opplever motstridande trendar? På den eine sida er majoritetsbefolkninga vorten meir og meir sekularisert, på hi sida har vi fått betydeleg innvandring av særleg katolikkar og muslimar, som inntil nyleg var svært få i Noreg. USA, som mange unge i dag kjenner betre enn nabolanda våre, har opplevd lite sekularisering. Religion held altså fram med å vera eit viktig orienteringspunkt, trass i sterk sekularisering. Den tidlegare motsetnaden kristendom : sekularisering er avløyst av eit heilt kompleks av motsetnader, til dels med mykje sterkare politiske implikasjonar enn før, og denne trenden har vi felles med andre land i vår kulturkrins. I ein slik situasjon er det sjølv sagt viktig at faget formidlar kunnskap om verdsreligionane. Men det bør òg ha ein sterk heimleg historisk dimensjon, slik at vi kjenner røtene våre – og samtidig bør det klare å formidle innsikt på høgre abstraksjonsnivå, innsikt i kva religion er som fenomen. Dette er sjølv sagt viktig kulturpolitisk, men det er fornuftig også dersom ein resonnerer kaldt realpolitisk. For at generasjonane som skal ta over samfunnet skal bli best mogeleg rusta til oppgåva, er denne typen kunnskap heilt nødvendig.

I tekstutvalet vi bygger på, har vi prøvd å få med alle lærebooks i KRLE (grunnskule) og religion (vidaregåande skule) som er i bruk i skulen i dag. Vi har berre sett på bookene, ikkje undersøkt nettsidene som ofte høyrer til. Det meiner vi er forsvarleg fordi det normalt vil vera same tendens på nettsidene

¹ Normalt blir «norrøn» brukt i tydinga 'gammalvestnordisk', altså om språk og kultur i Noreg og landa som vart folkesette frå Noreg i vikingtida og mellomalderen, altså ikkje Danmark og Sverige. «Norrøn religion» blir likevel nokså allment brukt om den førkristne germanske religionen over heile Norden, og slik brukar vi ordet her.

som i bøkene. Éi lærebok vi har undersøkt, viser til nettstaden som høyrer til når det gjeld eit av våre tema. Då kommenterer vi det. Vi har òg berre sett på bøkene elevane møter, ikkje lærarrettleiingane. Vi går tekstnært og konkret vil verks. Når det gjeld generelle vurderingar av læreplananalyse og læreplanen som sjanger, viser vi til Andreassen og Olsen 2015. Når det gjeld lærebokanalyse, viser vi til Skrunes 2010.

2. Presentasjon av læreplanar og lærebøker

2.1. Presentasjon av læreplanar

Læreplanverket Kunnskapsløftet frå 2006 vart 1. august 2020 avløyst av Fagfornyinga (Fagfornyelsen).² I Fagfornyinga for kristendom, religion, livssyn og etikk (KRLE) som gjeld frå 1. august 2020, er ikkje ordet “norrøn” nemnt. Men ein kan ha hatt norrøn religion i tankane under “Kjennskap til religioner og livssyn”: “Elevene skal også få innsikt i hvordan kristendom og andre religioner og livssyn inngår i historiske prosesser og henger sammen med samfunnsendringer og kulturarv.” (Utdanningsdirektoratet 2019d: 2) Under det same punktet er det klårare tenkt på samisk religion når det står at “Faget skal gi grunnlag for refleksjon over majoritets-, minoritets- og urfolksperspektiver i Norge” (Utdanningsdirektoratet 2019d: 2-3). Andre stader er “samar” og “samisk” nemnt direkte. Under “Kjerneelementer” står at elevane skal lære seg å “Kunne ta andres perspektiv” og at “Samiske perspektiver inngår” i dette (Utdanningsdirektoratet 2019c: 3). Blant kompetansemåla for sjuandeklasse er at elevane skal kunne “gjøre rede for historien til kristendom og andre religioner og livssyn i Norge, inkludert samers og nasjonale minoriteters religions- og livssynshistorie” (ibid: 6). Blant kompetansemåla for tiandeklasse, er at “eleven skal kunne gjøre rede for og reflektere over samenes og andre urfolks religions- og livssynstradisjoner” (ibid: 7-8).

Kunnskapsløftet seier til samanlikning at elevane etter sjuandeklasse skal “kunne [...] beskrive hovedtrekk i samisk før-kristen religion og overgangen til kristendom” (Utdanningsdirektoratet 2015c: 5), at dei skal “drøfte noen verdspørsmål som samiske urfolk er opptatt av i vår tid” og “gjøre rede for nye religiøse bevegelser og samtale om ulike former for nyreligiøs og naturreligiøs praksis, herunder urfolks naturreligion” (Utdanningsdirektoratet 2015c: 5, 7, 9). Dette stod også i læreplanen som gjaldt 2008-2015 (Utdanningsdirektoratet

² At namna er propagandaprega, må vi dessverre finne oss i.

2008, upaginert). Om norrøn religion står ingen ting. Orda “kulturarv”, “historie” og “historisk” er nemnde berre i samband med kristendomen, dei andre verdsreligionane og livssynshumanismen (ibid: 2-5, 7-9).

I Fagfornyinga for vidaregåande skule er heller ikkje norrøn religion nemnd. Også her er ordet “historisk” brukt berre i samband med kristendomen (ibid: 2) og livssynshumanismen (ibid: 3). Ordet “samisk” er nemnt i “Kjerneelementer”, der det står, som i grunnskuleplanen, at elevane skal lære seg å “Kunne ta andres perspektiv. [...] Samiske perspektiver inngår.” (Utdanningsdirektoratet 2019c: 3). I Kunnskapsløftet står til samanlikning som kompetansemål for Vg3 at elevane skal kunne “presentere hovedtrekk ved religions- og livssynsmangfoldet i lokalsamfunnet og storsamfunnet i Norge, inkludert religion og livssyn i samiske samfunn” og at dei skal kunne “drøfte etiske verdier og normer knyttet til urfolks kulturer og tradisjoner” (Utdanningsdirektoratet 2006: 4-5). Ordet “historisk” er berre brukt om religion generelt. Elevane skal “få innsikt i hvordan religioner og livssyn inngår i historiske prosesser og henger sammen med samfunnsendringer og kulturarv” (Utdanningsdirektoratet 2006: 2, liknande s. 5).

For “samiske distrikt og for elever utenfor samiske distrikt som får samisk opplæring”³ er det egne læreplanar. Dei andre læreplanane innanfor Kunnskapsløftet blir skifta ut sommaren 2020, men samiskvarianten av KRLE-læreplanen (altså for grunnskulen) skal gjelde til sommaren 2021, opplyser planen sjølv (Utdanningsdirektoratet 2015b: 1). Årsak blir ikkje nemnd. Heller ikkje denne planen nemner noko om norrøn religion. Men han legg stor vekt på samisk religion og på “De sirkumpolare religiøse tradisjonene hos urfolk på den nordlige halvkule”. Dét er eitt av fire «hovedområder», og har som kompetansemål for fjerdeklasse at elevane skal kunne «fortelle om samiske og andre sirkumpolare skapelsesberetninger og opphavsmyter om landskapets form og dyrs utseende[,] samtale om utvalgte samiske fortellinger som uttrykk for leveregler, livet i naturen og det samiske fellesskapet[,] samtale om skikker og navnetradisjoner som bygger fellesskap mellom mennesker [og] gjenkjenne kunst fra sirkumpolare urfolks religioner og gjøre bruk av estetiske uttrykk knyttet til disse” (Utdanningsdirektoratet 2015b: 2-3). Etter sjuandeklasse skal elevane kunne “gi en oversikt over de mest sentrale guder og gudinner i samisk naturreligion og redegjøre for hvordan man forholdt seg til dem gjennom skikker og ritualer[,] diskutere fortellinger om hjelpe-

³ Utdanningsdirektoratet, <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/lareplanverket/kunnskapsloftet-samisk/>.

og vokterskikkelser i naturen og sentrale verdispørsmål knyttet til forholdet mellom mennesket og naturen[,] samtale om kjente hellige steder i naturen og deres betydning i samisk tradisjon[,] beskrive forholdet mellom samisk naturreligion og kristendom i et historisk perspektiv[,] presentere hovedtrekk fra andre sirkumpolare urfolksreligioner”. (Ibid: 6) Etter tiandeklasse skal elevane kunne “gjøre rede for sjamanens plass i de fortidige samiske samfunnene, beskrive trommen og bruken av den[,] gjøre rede for noen religiøse ritualer i fortid og nåtid[,] diskutere helbredelse og tyding av tegn i samisk tradisjon[,] drøfte skapelsesmytenes og opprinnelsesfortellingens innhold og betydning[,] gjøre rede for urfolksreligioner i et globalt perspektiv[,] presentere ulike uttrykk fra kunst og musikk knyttet til sirkumpolare urfolksreligioner” (ibid: 8).

Også i samisk Kunnskapsløftet for vidaregåande skule har sirkumpolare urfolksreligionar stor plass; der er “Sirkumpolare urfolksreligioner og islam” eitt av fire “Hovedområder” (Utdanningsdirektoratet 2015a: 2-4). Samiskvarianten av vgs-læreplanen som gjeld frå august 2020, seier at elevane etter Vg3 skal kunne “undersøke og presentere hvordan religiøse motiver fra samiske tradisjoner er brukt i populærkulturelle uttrykk” og “utforske og drøfte ideer om mennesket slik de kommer til uttrykk i ulike filosofiske tradisjoner, inkludert urfolksfilosofi” (ibid: 5-6).

2.2. Presentasjon av lærebøkene

KRLE-boka for 8.-10. klasse har ingen ting om norrøn eller samisk religion (Wiik og Waale 2016, Waale m. fl. 2017). Boka for 5.-7. klasse har dette: “Jul er en viktig høytid for de fleste i Norge. Mange humanister legger vekt på at dette er en gammel høytid som ble feiret i Norge lenge før kristendommen kom til landet. De feirer at sola snur, og at det gradvis blir lysere – slik man har gjort i over tusen år i Norge.” (Børresen 2017: 67) Samisk religion blir ikkje nemnd.⁴

Inn i livet for 1.-5. klasse og for 7. klasse har ingen ting om norrøn eller samisk religion (Engen m. fl. 2009a, Engen m. fl. 2009b, Engen m. fl. 2010b, Engen m. fl. 2011c, Engen m. fl. 2011a, Engen m. fl. 2011b). Men i boka for 6. klasse er det to sider om urfolk og samar generelt og om fornorskinga av samane, to sider om førkristen samisk kosmologi og offerstader, tre sider om noaiden og tromma, og éi side om kristninga av samane. (Engen m. fl. 2010a: 40-46)

⁴ KRLE-boka avløyste *Under samme himmel*, som ikkje nemnde norrøn eller samisk religion (Wiik og Waale 2006b, Wiik og Waale 2006a, Wiik og Waale 2007).

I *Vivo* for 1.-2. og 3-4.-klasse står det ingen ting om norrøn eller samisk religion (Egeland m. fl. 2010, Egeland m. fl. 2009). Men i 5.-7.-boka står det litt. Om norrøn religion står ikring ei kvart side, vinkla mot kristninga (Bondevik m. fl. 2010: 132). Om samisk religion står det to sider, om gudar i naturen, offerstader og tromma (ibid: 134-35).

Du og jeg har egne bøker for kvart klassesteg. I bøkene for 4.-6.-klasse er det ingen ting om norrøn eller samisk religion (Hodne og Sødal 2011, Hodne m. fl. 2011c, Hodne m. fl. 2011b, Hodne, m. fl., 2011c). I boka for 7.-klasse er det to sider om norrøn religion, som innleiing til kristninga (Hodne m. fl. 2011a: 42-44). Der blir det gjort greie for blot og Odin, Frøya, Tor og jotnane, og myten om at jotnane stal hammaren til Tor blir kort fortald. Om samisk religion er det ni sider (ibid: 72-81) – om kosmologi, noaiden og tromma, offerstader, akka-ene (kvinnelege makter), og bjørnen, som hadde ei viktig stilling i kulturen.

I *Horisonter* for 8. klasse er norrøn mytologi nemnd i samband med *Ringdrotten / Ringenes herre* og fantasylitteratur generelt (Holth og Deschington 2006: 140). Kapitlet “Fra Norges religionshistorie” tek til med reformasjonen (ibid: 190). I underkapitlet om samisk kyrkjeliv går det fram at samane hadde ein religion før kristninga. Den og kristninga av samane kan ein lesa om på nettstaden til boka, blir det opplyst (ibid: 197-98). 10.-klasseboka nemner samisk religion som døme på naturreligion (Holth og Kallevik 2008: 92) og har tre sider om “Åsatro”, under “religiøse strømniger i vår tid” (Holth og Kallevik 2008: 97-99). Om den gamle religionen slik vi kjenner han frå kjeldene, står svært lite. Vekta ligg på dagens tolking i nyreligiøse miljø. I 9.-klasseboka står det ingen ting om norrøn eller samisk religion (Holth m. fl. 2007).

I 6.-klasseboka til *Vi i verden* står det ni linjer om norrøn religion i samband med kristninga – om dei viktigaste gudane, ofring og lokal variasjon (Berg m. fl. 2006: 11, 17). I den boka står det ingen ting om kva samisk religion gjekk ut på. Men i 7.-klasseboka er det eit eige, fem sides underkapittel “Samisk religion”, under “Kirkehistorie”. Der gjer ein greie for makter i naturen, akka-ene (overnaturlege kvinnemakter), Radien (den øvste guden), “Saivo-folket” (eit slag underjordiske), offersteinar, noaiden og tromma (Berg m. fl. 2008: 154-59). I den boka er det ingen ting om norrøn religion.

Store spørsmål: Dette verket skil seg ut med å vera filosofisk vinkla religionskunnskap. I bøkene for 8. og 9. klasse står det ingen ting om norrøn eller samisk religion (Hove m. fl. 2015, Hove m. fl. 2016). I 10.-klasseboka står dette i samband med kristninga: “Samer hadde opprinnelig sin egen religion

– med hellige steder, og med ritualer ledet av sjamaner” (Hove m. fl. 2017: 86) – og, som tekst til eit trommebilete: “Joik [...] ble også brukt i samisk religion” (ibid: 89). Boka for 1.-2.-klasse har ei overskrift “Norrøn mytologi” og brukar ei halv side på ein norrøn myte om korleis livet oppstod og myten om Midgardsormen som låg ikring alle land (Heier m. fl. 2020: 51).⁵

Norsk start 8-10 KRLE er for minoritetsspråklege i ungdomsskulen. I innleiinga står: “Det er mer om kristendommen enn om de andre religionene, fordi kristendommen har vært den største religionen i Norge fra 800-tallet. Da Olav den hellige var konge (1015 – 1028), ble kristendommen landets religion.” Her kan ein slutte seg til at det var noko før kristendomen, men det blir ikkje sagt noko om dei førkristne religionane (Waale og Dølplads 2017: 94). Om samisk religion står ingen ting.

Cogito er eit tilrettelagt verk, med lettlesne tekstar og bilete som forklarar meir enn vanleg. I 5.-klasseboka er det ingen ting om norrøn eller samisk religion (Heien m. fl. 2011). I 6.-klasseboka er det halvanna side om kristninga, fornorskinga og undertrykkinga av samane, og litt meir om samisk førkristen religion: To sider om verdsbilete og gudar, to sider om noaiden og tromma og éi side med ei opphavsforteljing. (Haanes og Lundberg 2011a: 24-30) I 7.-klasseboka er det ei side om kristninga, og der er dette avsnittet med: “Den største forandringen var at de måtte slutte å ofre til de gamle gudene. Denne ofringen ble kalt *blot*, og det var noen i slekten som ledet blotet. Nå skulle de begynne å tilbe den kristne Gud i kirken, og det var presten som skulle lede gudstjenesten. Folk fikk ikke lenger lov til å drive med trolldom, og alle barn måtte døpes. Tidligere ble de døde lagt i gravhauger på gården. Nå skulle de gravlegges i området rundt kirken.” (Haanes og Lundberg 2011b: 86).

Forlaget ČálliidLágádus / ForfatternesForlag har ein lærebokserie berre på (nord)samisk, basert på den samiske læreplanen. I *Ovttas. Oskkoldagat ja eallinoaidnu 5-7* (‘Saman. Religion og livssyn 5-7’) står det berre om verdsreligionane og humanistisk livssyn, bortsett frå nokre linjer om samisk religion i samband med kristninga (Einarsen 2011: 103). *Máilmmi oskkut 8-10* (‘Verdsreligionane 8-10’) kjem så vidt inn på samisk religion i samband med nyreligiøsitet, nysjamanisme (Kristiansen 2004a: 67-70), s. 67-70. I *Almmi speajal. Risttálašvuohta & eallinoaidnu 8-10* (‘Himmelspegel. Kristendom og livssyn 8-10’) er det aller meste om kristendomen. Litt er det om religionskritikk og humanistisk livssyn (Kristiansen 2012b: 72-88), og fire sider om kristninga

⁵ Vi parkerte manuskriptet i to månader vinteren / våren 2020 medan vi venta på eit høve til å få tak i den nye *Store spørsmål 8-10*, Hove m. fl. 2020. På grunn av koronakrisa, lukkast vi ikkje.

av samane (ibid: 27-31). Så er det to bøker om sirkumpolare urfolk og religionane deira. I *Ovttas. Sirkumpolára eamiálbmogat ja sin oskkoldagat 5.-7. c.* ('Samane. Sirkumpolare urfolk og religionane deira. 5.-7. klassesteg') er det 27 sider om samisk religion: Om noaiden, tromma, *sieidi*-steinar, *sáiva*-vatn, namneskikkar, bryllaupsskikkar og døden (Einarsen 2012a: 58-85). Dessutan er det litt om kristninga og samisk kristendom (ibid: 86-93). I *Davviguovlluid eamiálbmogiid oskkut ja sámi dološ osku 8-10* ('Nordlege urfolks religion og den gamle samiske religionen 8-10') ligg vekta på samisk religion (Kristiansen 2004b).

I tillegg til dei heildekkande KRLE-lærebøkene finst det filosofilærebøker som vil dekke *E*-en som står for *etikk* i *KRLE* (Helskog og Ribe 2007, Helskog og Ribe 2006b, Helskog og Ribe 2006a, Børresen og Malmhøster 2006, Einarsen 2012b, Kristiansen 2012a). I desse bøkene er det ingen ting om samisk eller norrøn religion.

Så er det bøkene for vidaregåande skule. *I samme verden* har ingen ting om norrøn eller samisk religion (Kvamme m. fl. 2013). *Tro og tanke* har ingen ting om norrøn religion, men litt om samisk religion. Det er 22 linjer om "Naturforståelsen i samisk religion", i generelle vendingar. Namn på gudar eller andre makter blir ikkje nemnde, men vi får veta at "Den religiøse lederen ble kalt noaide." (Heiene m. fl. 2014: 300-01). Det er eit bilete av hammaren Bukkekjerka på Andøya, med teksten: "Friluftskirken Bukkekirka på Andøya er lagt til et gammelt samisk offersted" (ibid: 22). *Eksistens* har eit par sider om samane som urfolk og fornorskinga (Aronsen m. fl. 2008: 289-90, 294, 367), og tilsvarande om samisk religion: Om tromma, forfedrekult, skilnad på kvinner og menn, dei viktigaste gudane, åndevesen (m.a. "hjelparar" i heilage fjell), *sieidi*-steinar, heilage stader, haustofferfesten i september, namngjevingsritar, ekteskap, bjørneseremonien, og "Den religiøse eksperten", *noaidi* (nordsamisk form. Ibid: 364-66). *Oskkoldat ja etihkka J3. Joatkkaskuvlla oskkoldat ja etihka oahppogirji* ('Religion og etikk Vg3. Lærebok i religion og etikk for vidaregåande skule'), som er skriven på grunnlag av den samiske læreplanen, har eit kapittel om sirkumpolar religion (Kristiansen 2011: 169-93), og noko om samisk religion under det.

3. Drøfting

3.1. Tendensen i læreplanane

Samanlikninga ovanfor av dei nye læreplanane og dei som nettopp har gått ut, viste ein tydeleg trend: Det er vorte mindre om samisk religion. I Kunnskapsløft-versjonen frå 2015, liksom i den som gjaldt 2008-2015, stod det at elevane etter sjuandeklasse skulle kunne “beskrive hovudtrekk i samisk førkristen religion og overgangen til kristendom” og at dei skulle “drøfte noen verdispørsmål som samiske urfolk er opptatt av i vår tid” og “gjøre rede for [...] og samtale om [...] naturreligiøs praksis, herunder urfolks naturreligion” (Utdanningsdirektoratet 2015c: 5, 7, 9; Utdanningsdirektoratet 2008, upaginert). Det med verdispørsmål og urfolk er det parallellar til i den nye læreplanen (Utdanningsdirektoratet 2019d: 2-3). Men det fyrste og det siste punktet er redusert til at elevane etter sjuandeklasse skal kunne “gjøre rede for historien til kristendom og andre religioner og livssyn i Norge, inkludert samers og nasjonale minoriteters religions- og livssynshistorie” (ibid: 6, jf. 7-8). Dette er klårt mindre forpliktande. Same tendensen ser vi i at høyringsutkastet hadde eit punkt som ikkje er kome med i den vedtekne planen, om at elevane i fjerdeklasse skulle lære om “fortellinger fra samiske tradisjoner” (Utdanningsdirektoratet 2019b: 4).

Svekking av det samiske er det òg i Fagfornyinga for vidaregåande skule. I den gamle stod som mål for Vg3 at elevane skulle kunne “presentere hovudtrekk ved religions- og livssynsmangfoldet i lokalsamfunnet og storsamfunnet i Norge, inkludert religion og livssyn i samiske samfunn” (Utdanningsdirektoratet 2015c: 4-5). I den nye står berre dette: Elevane skal lære seg å “Kunne ta andres perspektiv. [...] Samiske perspektiver inngår.” (Utdanningsdirektoratet 2019c: 3). Endå tydelegare er trenden i den samiske læreplanen for vidaregåande skule. I Kunnskapsløftet var sirkumpolare urfolksreligionar, med samisk religion, blant hovudområda (Utdanningsdirektoratet 2015a: 2-4). Samiskvarianten av Fagfornyinga for vidaregåande skule, seier derimot ingen ting om sirkumpolare religionar, heller ikkje med andre ord (nemninga “sirkumpolar religion” er vorten kritisert, Andreassen og Olsen 2015), og seier berre éin ting om samisk tradisjon som ikkje står i majoritetsplanen: Elevane skal kunne “undersøke og presentere hvordan religiøse motiver fra samiske tradisjoner er brukt i populærkulturelle uttrykk” (Utdanningsdirektoratet 2015a: 5). I tillegg har samiskplanen eit punkt om “urfolksfilosofi” (ibid: 6) som ikkje er nemnt i majoritetsplanen.

Det er altså gjort eit drastisk kutt i dei forpliktande formuleringane om samisk religion. Om det er planlagt tilsvarende kutt i den samiske grunnskuleplanen, kjenner vi ikkje til.

Samtidig er det vanskeleg å ikkje tolke formuleringa “[...] historien til kristendom og andre religioner og livssyn i Norge” i KRLE-Fagfornyninga for majoritetslevane som ei føring for meir norrøn religion. Det er tydeleg ikkje meint berre historia til kristendomen, og andre religionar enn kristendomen med lang historie i Noreg er berre norrøn religion og samisk religion. Same tendens ser vi i Fagfornyninga for vidaregåande skule. Formuleringane “få innsikt i hvordan religioner og livssyn inngår i historiske prosesser og henger sammen med samfunnsendringer og kulturarv” og “utforske og drøfte hvordan religion inngår i historiske endringsprosesser globalt og nasjonalt” (Utdanningsdirektoratet 2019c: 2, 5) har ikkje noko motsvar i Kunnskapsløftet. Der er ordet “historisk” berre knytt til dei enkelte verdsreligionane og livssynshumanismen. Og skal ein lære om korleis “religion inngår i historiske endringsprosesser [...] nasjonalt”, er det vanskeleg å koma utanom norrøn religion, som kristendomen fortrengde. Også formuleringa “utforske og presentere hvordan elementer fra kristendom og andre religioner og livssyn kommer til uttrykk i medier og populærkultur” (ibid, gjeld 10.-klasse) inneber at norrøn religion må med; han gjer seg sterkt gjeldande i media og populærkultur. Vi konstaterer at den einsidige vekt som Kunnskapsløftet la på verdsreligionane er oppheva. Dette opnar òg for å ta inn att meir om gresk-romersk religion, som læreplanen frå 1997 hadde ein del av (KUD 1996: 98, 107).

Mot dei vurderingane vi har gjort her, kan ein innvende at Fagfornyninga er formulerte ut frå ein annan tankegang enn Kunnskapsløftet, med færre konkrete kompetanssmål og i staden meir “overordnede mål for hva slags kompetanse elevene skal oppnå i hvert enkelt fag”. Dette skal gje lærarane større “handlingsrom”, sa kunnskapsminister Jan Tore Sanner i ei pressemelding i november 2019 (Kunnskapsdepartementet 2019). Desse måla vart formulerte alt i stortingsmeldinga som låg til grunn for Fagfornyninga (Kunnskapsdepartementet 2016: 45). Døme på dette er: “I samisk skole er det viktig å ha et allsamisk perspektiv og et urfolksperspektiv” frå overordna del av Fagfornyninga (Utdanningsdirektoratet 2017: 3), og: “Læreplanen er forankret i samiske verdier og samisk språk, kultur og samfunnsliv”, som står to gonger (!) på fyrste side i Fagfornyninga for vidaregåande skule (Utdanningsdirektoratet 2019a: 2). Slik tolka, treng ikkje kutt i konkrete kompetanssmål innebera kutt i kompetansekrav.

I prinsippet støttar vi denne tankegangen. Men kjem han til å fungere, når Fagfornyinga er utforma slik ho er? Ser vi nærare etter, så er det ein annan, minst like viktig grunn til at det er færre konkrete kompetanssmål. Det kunnskapsministeren i den nemnde pressemeldinga held fram som hovudgrunn til å utarbeide nye læreplanar, er at “dagens læreplaner er for omfangsrike” (Kunnskapsdepartementet 2019). Det same ser vi i stortingsmeldinga: “Fagfornyelsen som foreslås i denne meldingen skal gjøre det tydeligere hva som er kjerneelementene i fagene. Det blir viktig å være bevisste på hvordan hvert kompetanssmål formuleres og hvor omfattende den totale stoffmengden i faget blir. At kompetansmålene blir færre og tydeligere, vil i en del fag være nødvendig for å gjøre læreplanen mindre omfattende og få frem fagets kjerneelementer på en tydeligere måte.” (Kunnskapsdepartementet 2016: 42) “Departementet vil / [...] at fagfornyelsen skal sikre tydeligere prioritering i læreplanene for fag ved at det blir definert hva som er fagenes kjerneelementer” (ibid: 36). Altså: Færre kompetanssmål er det ikkje berre fordi dei er flytte til overordna nivå, men òg fordi stoffmengda skal ned. Samtidig seier stortingsmeldinga dette om kva ein har å halde seg til etter innstramminga: “Departementet vil / at læreplanene fortsatt skal inneholde forpliktende kompetanssmål for hva elevene er forventet å mestre etter endt opplæring på ulike trinn” (ibid: 29). “Endringene som foreslås i læreplaner for fag og tilhørende veiledninger, skal bidra til at det blir tydeligere hva elevene skal lære og [til at] det skal bli lettere å vurdere elevenes kompetanse” (ibid: 56). Som før er det, “Både i undervisvurdering og sluttvurdering [...] kompetansmålene i læreplanene for fag [som er] grunnlaget for vurdering” (ibid). Det står altså i klartekst at jamvel om talet på kompetanssmål er skore ned, skal dei som står att, ha same rolle som kompetansmåla hadde i dei førre læreplanane. Ein god del av stoffet skal rett og slett strykast. Då kan ein spørja om dei nye læreplanane verkeleg er utforma på ein annan måte enn dei gamle, og ikkje fyrst og fremst er ei slanking av pensum.

Det siste er vi ikkje nødvendigvis imot. Spørsmålet er, no som alltid, kva som skal med. Då er vi uroa over at det er eit markant fall i kompetansmåla for samisk religion og tradisjon frå Kunnskapsløftet til Fagfornyinga. Når det til sjuande og sist er kompetansmåla i kvart fag som tel for karaktersetjinga, vil det normalt vera dei som vinn, i lærebokskriving eller undervisning.

Det er ikkje sikkert faren for at det samiske stoffet må vike er så stor i samiske lærebøker og samiske skular eller klassar. Men, som vi nettopp såg, er det markant mindre av forpliktande formuleringar om samisk religion også i dei nye majoritetsplanane. Då er det ikkje sikkert ei formulering som den følgjande

hjelper, sjølv om ho står i den overordna delen av Fagfornyinga: “Kristen og humanistisk arv og tradisjon er en viktig del av landets samlede kulturarv og har spilt en sentral rolle for utvikling av vårt demokrati. Den samiske kulturarven er en del av kulturarven i Norge” (Utdanningsdirektoratet 2017: 4). Norrøn religion høyrer sjølvstilt til kulturarven i Noreg, men det har ikkje sikra emnet nokon rimeleg plass i skulen. Å bli definert inn i kulturarven i Noreg er ingen garanti for noko som helst.

Vi ottast at samisk religion skal tapa den plassen han har fått i norsk skule dei siste tiåra. Vi håpar vi tek feil, men er ikkje åleine om å lesa Fagfornyinga på denne måten (sjå t.d. Gaare 2019).

3.2. *Kommentar til lærebøkene*

For å vurdere om lærebøkene har ei rimeleg mengd stoff om norrøn og samisk religion i høve til retningslinjene i læreplanane, er det dei nyss utgatte læreplanane vi må jamføre med, sidan det er *dei* lærebøkene er skrivne på grunnlag av. I skrivande stund er det ikkje kome ut mange nok lærebøker skrivne på grunnlag av Fagfornyinga til at vi kan sjå om læreplanendringa verkeleg fører til endring av lærebøkene på desse punkta (jf. fotnote 5 og avsnittet han står i).

Når Kunnskapsløftet for KRLE klårt seier at elevane etter sjuande klasse “skal kunne [...] beskrive hovudtrekk i samisk før-kristen religion og overgangen til kristendom” (Utdanningsdirektoratet 2015c: 5, 7), er det ikkje overraskande at dei fleste læreverk har ein heil del om samisk førkristen religion. Det overraskande er at det er læreverk som ikkje tek omsyn til dette. *KRLE-boka og Norsk start 8-10 KRLE* nemner ikkje samisk religion (Børresen 2017, Wiik og Waale 2016, Waale, m. fl., 2017; Waale og Dølplads 2017). *Store spørsmål* opplyser at “Samer [...] opprinnelig [hadde] sin egen religion – med hellige steder, og med ritualer ledet av sjamaner” (Hove, m. fl., 2017: 86) og at “Joik [...] ble [...] brukt i samisk religion” (ibid: 89, jf. Hove, m. fl., 2015, Hove, m. fl., 2016). Dette set ikkje elevane i stand til å nå kunnskapsmålet. Om *Horisonter* oppfyller kravet, med å plassere samisk religion på nettstaden (Holth og Deschington 2006: 197-98), kan diskuteraast.

Kunnskapsløftet for vidaregåande skule krev mindre samisk, men likevel noko: Elevane skal kunne “presentere hovudtrekk ved religions- og livssynsmangfoldet i lokalsamfunnet og storsamfunnet i Norge, inkludert religion og livssyn i samiske samfunn”, og dei skal kunne “drøfte etiske verdier og normer knyttet til urfolks kulturer og tradisjoner”

(Utdanningsdirektoratet 2015c: 4-5). *I samme verden* seier likevel minimalt om dette. Samisk kirkeråd blir nemnt (Kvamme, m. fl., 2013: 325), og det står 13 linjer om respekt for naturen som samisk livshaldning (ibid: 302).

Når det gjeld norrøn religion, er det mange lærebøker som *andre vegen* ignorerer læreplanen dei er skrivne ut frå. I den nyleg utgåtte KRLE-læreplanen er det ingen formuleringar det er lett å tolke slik at norrøn religion bør vera med (det er heller ikkje friståande formuleringar om “kulturarv”, “historie”, “historisk” e.l.; desse orda er alltid nemnde i samband med ein av verdsreligionane eller humanismen, Utdanningsdirektoratet 2015c: 2-5, 7-9).⁶ Likevel har altså både *Vivo*, *Du og jeg*, *Horisonter*, *Vi i verden* og *Cogito* frå eit avsnitt til tre sider om norrøn religion, dei fleste over ei side (Bondevik, m. fl., 2010: 132, Hodne, m. fl., 2011a: 42-44, Holth og Kallevik 2008: 97-99, Berg, m. fl., 2006: 11, 17, Haanes og Lundberg 2011b: 86 – og *Horisonter* har faktisk meir om norrøn nyreligiøsitet enn samisk religion, Holth og Kallevik 2008: 97-99). Det er ikkje så mykje, men når læreplanen ikkje seier at det skal vera der i det heile, ligg det nær å tolke det slik at lærebokforfatarane er usamde med dei som skreiv læreplanen. Dei fleste lærebokforfatarane meiner tydelegvis at det bør vera med noko om norrøn religion, same kva læreplanen seier. Og Fagfornyninga gjev dei altså medhald.

Eit interessant spørsmål er òg på kva klassesteg lærebøkene har plassert stoffet om samisk religion. *Inn i livet* og *Cogito* plasserer det i 6.-klasseboka (Engen, m. fl., 2010a: 40-46, Haanes og Lundberg 2011a: 24-30). *Vivo* plasserer det i 5-7-boka (Bondevik, m. fl., 2010: 134-35), og *Du og jeg* og *Vi i verden* i 7.-klasse (Hodne, m. fl., 2011a: 72-81, Berg, m. fl., 2008: 154-59). Når det gjeld *Horisonter*, er det i 8.-klasseboka dei viser til opplysningar om samisk religion på nettstaden (Holth og Deschington 2006: 197-98). Kanskje skulle ein vente at alle hadde dette stoffet i 7.-klasse, sidan det er der læreplanen har plassert kunnskapskravet om “samisk før-kristen religion” og verdspørsmål knytte til samiske urfolk (Utdanningsdirektoratet 2015c: 5, 7). Eller ein kunne vente å finne det under 10.-klasse, sidan det er kunnskapsmål om urfolks naturreligionar står (ibid: 9). Kva årssteg stoff om norrøn religion bør plasserast på, seier Kunnskapsløftet ingen ting om, i og med at han ikkje seier det skal vera noko av det i det heile. Men *Vivo* plasserer det i 5-7-boka (Bondevik,

⁶ Lærebøkene har det gjerne i samband med kristninga (*Horisonter* under nyreligiøsitet, Holth og Kallevik 2008: 97-99), og dermed kan ein sjå det som ein del av kristendomshistoria i Noreg (som det er kunnskapsmål om, Utdanningsdirektoratet 2015c: 5, 7). Men ein treng ikkje beskrive den gamle religionen for å fortelja at kristendomen tok over.

m. fl., 2010: 132), *Du og jeg* i boka for 7.-klasse (Hodne, m. fl., 2011a: 42-44), *Horisonter* i 10.-klasseboka (Holth og Kallevik 2008: 97-99), *Vi i verden*, i 6.-klasseboka (Berg, m. fl., 2006: 11, 17), og *Cogito* i 7.-klasseboka (Haanes og Lundberg 2011b: 86). Begge dei førkristne religionane blir i regelen omtala i samband med kristninga. Eit unntak er *Horisonter*, som nemner norrøn mytologi i samband med nyreligiøsitet (Holth og Kallevik 2008: 97-99).

Då skal vi sjå litt på kvaliteten av det som står om norrøn og samisk religion i lærebøkene. Det meste held eit akseptabelt nivå, men noko er problematisk, og noko vil vi framheve som spesielt bra. Vi brukar mest plass på norrøn religion, for det viser seg at kvaliteten er mykje meir variabel der enn når det gjeld samisk religion. Her er eit utdrag om samisk religion som vi meiner er bra, frå *Vi i verden 7*:

Hellige stader og noaiden

For å blidgjøre maktene kunne samene ofre til dem. Slik sikret de at maktene var på lag med dem, og ikke la hindringer i veien. Offeret kunne være ganske hverdagslig, som når de slengte litt kaffe i ildstedet. De kunne også lage en stor markering rundt et stort og flott offer, for eksempel et reinsdyr. Til slike offer brukte samene steder i naturen med en spesiell formasjon. Det kunne være en spesiell stein eller en kluft i fjellet. Et slikt sted heter en seid. Ved seiden var det lettere å få kontakt med maktene. Siden maktene var i naturen og rundt menneskene, kunne alle ofre og ha kontakt med maktene. Men i de gamle samiske samfunnene var det alltid en bestemt person som sto i spesiell kontakt med dem. Denne personen var en noaide. Når noen hadde problemer, var syke eller trengte råd om et eller annet, kunne de be noaiden om å komme og hjelpe dem.

Noaiden kontaktet maktene i ekstase. Det er en tilstand som kan minne om beruselse. Den som er i ekstase, mister på en måte kontakten med omverdenen. Noaiden kom i ekstase ved å spille på en spesiell tromme og joike. Joik er en spesiell samisk form for sang. Til slutt falt noaiden om på marken som om han var død. Som regel våknet han opp igjen. Da kunne han fortelle om hvordan han hadde reist i underverdenen. Der hadde han for eksempel sloss mot maktene som lagde sykdom, eller han hadde fått råd om bestemte problemer. Noaiden levde av det han fikk som betaling for slik rådgivning. Noaidens tromme het en runeemme. Den var dekorert med figurer av ulike makter. Runeemmen ble ikke bare brukt for å komme i ekstase. Noaiden kunne også spå med den. Da la han en messingring på trommen mens han trommet. Måten ringen beveget seg på, ga svar på forskjellige spørsmål. (Berg, m. fl., 2008: 156-58)

Det vi vil setja fingeren på her, er eit par nemningar. Fornorska form av nordsamisk *sieidi* / lulesamisk *siejdde* er normert *seide*,⁷ ikkje **seid*, og ordet *runebomme* er det vanleg å unngå i dag; det blir oppfatta som knytt til den tida samane vart nedvurderte. Jamt over er dette likevel presist og fint, og greitt å få tak på. Resten av dei seks sidene denne boka har om samisk religion, er på same nivå. Det ein kanskje kan innvende generelt mot framstillingane av samisk religion, er at dei gjev inntrykk av at samisk religion var lik over heile det samiske området. At variasjonen var stor, og at det fyrst og fremst er sørsamisk religion vi kjenner, kjem ikkje fram. Som døme på at sørsamisk tradisjon blir framstilt som allmenn, kan vi nemne framstillinga av “Saivo-folket”, på sørsamisk *saajve*, fleirtal *saajvh*, og “De tre søstrene Sarakka, Juksakka og Uksakka” i *Vi i verden 7* (Berg, m. fl., 2008: 155-56).

Eit utdrag vi vil trekke fram om norrøn religion, er frå 7.-klasseboka til *Du og jeg*:

Vikingenes religion

Vikingene dyrket mange guder. Gudene lignet på menneskene, men var mye større og mektigere enn dem. Derfor måtte menneskene sørge for å stå på god fot med gudene. Vikingene trodde de fikk et godt forhold til dem når de ofret eller blotet.

Vikingene blotet for å få gode avlinger, mange barn, for å vinne i krig og få hjelp i fare og sykdom. De blotet hjemme på gårdene og på spesielle offerplasser. Tre ganger i året kom mange sammen til store blot: vår, høst og midtvinter. Da ofret de som regel dyr. I spesielle krisetider ofret de kanskje mennesker. Hjemme blotet vikingene mest korn og annen mat. Der ofret de også til forfedrene som var døde og gravlagt i hauger, og til overnaturlige vesener som de trodde kunne hjelpe dem. Odin var den aller mektigste guden. Han hersket over krig, død, visdom og mye annet. Sønnen hans, Tor, var også veldig viktig. Tor skulle passe på at livet på jorda gikk som det skulle. Han skulle også holde orden blant gudene. Derfor hadde Tor mye å gjøre og var ofte på farten. Han reiste rundt i ei vogn som ble trukket av to bukker. Når vogna kjørte over himmelhvelvingen, hørtes det ut som torden. Kjærlighetsgudinnen het Frøya. Hun bestemte over fruktbarhet for mennesker og dyr.

Det finnes mange spor etter Tor fremdeles: Ukedagen torsdag har navn etter ham. Hovedstaden på Færøyene, Torshavn, er også oppkalt etter Tor. Fotballklubben i Narvik heter Mjølner og har navn etter Tors hammer. Fjellområdet Jotunheimen er oppkalt etter jotnene som Tor kjempet mot. (Hodne, m. fl., 2011a: 42-44)

⁷ *Det Norske Akademis ordbok* 25.03.2020, https://www.naob.no/ordbok/seide_1.

Her har forfattarane på få setningar fått med veldig mykje av det viktigaste, og har funne fram nokre kjende knaggar å henge stoffet på. Faktaboksar om bloting og Tor og hammaren hans er òg bra (ibid: 43-44). Det er ingen direkte feil i det som står, jamvel om det er på kanten når ein kan få inntrykk av at Frøya åleine “bestemte over fruktbarhet for mennesker og dyr”. Broren, Frøy, var like viktig. Elles har vi ikkje sans for at ordet “viking” blir brukt generelt om den germanske befolkninga i Noreg / Norden. “Viking” var frå gammalt av eit synonym for ‘valdsmann’, og i tillegg får denne nemninga det til å høyrast ut som dyrkarane av norrøn religion var ei anna etnisk gruppe enn dagens majoritetsbefolkning. Det same gjer formuleringa: “De snakket norrønt, et språk som ligner islandsk” (ibid: 42-43). Snakka dei ikkje norsk?

Same inntrykk skaper dessverre *Vi i verden*, 6.-klasseboka, òg: “I Norge bodde det to folkegrupper i middelalderen. Samene snakket samisk. Den andre folkegruppa snakket et gammelt språk som heter norrønt.” (Berg, m. fl., 2006: 11) Uheldig er det her òg at ein gjev inntrykk av at norrønt / gammalnorsk var eit eldre språk enn samisk. Dette er det som vidare står om sjølve religionen i *Vi i verden*:

De norrøne folkene trodde på gudene som bodde i Åsgård. Denne troen kalles for åsatro. Noen av gudene deres var Odin, Tor og Frøya. Fortellingene om dem ble fortalt når det var blot. Det er det samme som ofring. Hver gård hadde sine egne tradisjoner for blot og sine egne guder de blotet til. Åsatroen bestod derfor av veldig mange forskjellige skikker og tradisjoner (ibid.)

Her er det fleire ting å setja fingeren på. Formuleringa “Noen av gudene” får det til å høyrast som dette er eit tilfeldig utval, medan det burde vera dei viktigaste. At mytar vart fortalde under blot, kan vera ein rimeleg tanke, men så vidt vi veit, er det ingen kjelder til norrøn religion som fortel at det vart gjort. “...og sine egne guder de blotet til” – her kan ein lett få inntrykk av at kvar gard hadde sin eigen gudeflokk, der situasjonen heller var at kvar gard eller bygd eller kvart distrikt eller land hadde éin eller nokre få favorittgudar (Gunnell 2015) frå den same gudeflokk. Det som er bra, er at ein får fram at norrøn religion var prega av lokal variasjon og at dette var ein kontrast til kristendomen. Dette blir sagt endå klårare litt seinare boka: “I den gamle åsatroen hadde hvert sted sine skikker og sin spesielle gud å ofre til. Kristendommen var derimot ganske lik fra sted til sted. Alle kristne ba til den samme guden. Gudstjenesten var bygd opp på samme måte overalt.” (Berg,

m. fl., 2006: 17) Stoffet om samisk religion i dette verket, har vi ikkje noko å utsetja på (Berg, m. fl., 2008: 154-59.

I *Vivo*, 5.-7.-boka, står dette om norrøn religion:

Før kristendommen kom til Norge, dyrket folket guder som Odin og Tor. Gudene var sterke, mandige og krigerske og kunne ta hevn hvis noen behandlet dem feil. Da kristendommen kom til landet, var det mange som syntes at den nye religionen var for svak. De syntes at presteklærne liknet kvinneklær, prestene hadde ikke våpen, og *blodhevn* ble ikke godtatt i den nye religionen.

Da kristendommen kom, mistet de norske kvinnene mye av den makten de hadde. For eksempel hadde kvinner hatt ansvar for deler av de religiøse ritualene, men de kristne ritualene var det bare mannlige prester som kunne gjøre.» (Bondevik, m. fl., 2010: 132)

Dette er eit pussig utval, og mykje av det er misvisande. Dei norrøne gudane kunne sjølvsagt hemne seg, men ideen om ein hemngjerrig gud spelar ei viktigare rolle i kristendomen, i Det gamle testamentet. “[M]andig[...] og krigersk[...]” er ein høveleg karakteristikk av Tor (sjå t.d. Clunies Ross 1994, Steinsland 2005: 195-207). Men kjeldene driv òg gjøn med machoguden (klårast i eddadiktet *Þrymskviða*, *Eddukvæði I. Goðakvæði* 2014: 422-27), og Loke er ein pusling som tek på seg alle slag kvinnelege roller. Dét viser seg å vera ein veldig framgangsrik strategi (sjå t.d. Steinsland 2005: 228-35), så den brukar til og med gudekongen Odin i mange tilfelle (ibid: 185-87).⁸ Kjernen i norrøn religion er heller at gudane er avmektige og avhengige av jotnane og dei andre maktene i verda (ibid: 252-54, Meulengracht Sørensen 1977, Steinsland og Vogt 1981, Steinsland 1991 [1989], Mundal 2001). Når det gjeld påstanden om at dei norrøne gudane var “mandige”, vil vi minne om at gudinner som Frigg og Frøya var viktige, jf. det lærebokforfattarane seier tre setningar seinare om at kvinnene stod sterkare i den religionen enn i kristendomen. At nokon tykte presteklede likna kvinneklede, eller at folk var skeptiske til at prestane ikkje hadde våpen (eller noko i den retninga), går ikkje fram av kjeldene, etter det vi kjenner til. Det stemmer at kyrkja motarbeidde blodhemn, men at folk av den grunn skal ha tykt kristendomen var “svak”, kjenner vi ikkje til. Kyrkja i misjonstida presenterte eit anna gudsbilete enn det vi i dag oppfattar som det kristne. Dette ser vi m.a. av den kristne, norrøne skaldediktinga:

⁸ Her viser vi til den mest kjende framstillinga på norsk for å få fram at ein ikkje treng å vera ekspert for å kjenne til dette.

Det gudsbildet som stiger frem fra de eldste norrøne skaldediktene, kilder som går tilbake til misjonstiden, er entydige: den kristne guden fremstilles i skikkelse av en Kristus som ikke bare er konge, men i flere tilfeller nærmest som en *krigersk vikingkonge*. Skaldene tegner bildet av Kristus som en hersker med hjelm heller enn med tornekrone. Dette er helt i samsvar med den germanske Kristus fra kontinentet. [...] I kristningstiden ble makten til Konge-Kristus satt opp mot makten til de gamle gudene. Store endringer i dette monarkiske Kristus-bildet kan ikke registreres før i siste halvdel av 1100-tallet. Først da trer Kristus frem som Frelseren som forsoner Gud og menneskene, som Marias sønn, med et mer menneskelig ansikt. Sist på 1100-tallet kom endelig *Kristi lidelse* frem i diktningen

– seier Steinsland (2005: 453-54), basert på Marold (1985) og Mundal (1995). Det finst likevel skaldestrofer, dikta av heidningar i kristningstida, som framstiller kristne eller den kristne guden som veike (Finnur Jónsson 1912-15 B I: 168, nidvers om Fredrik biskop og Torvald Vidforle; 127, lausvise av Steinunn Revsdotter; Mundal 1990: 151-53). Men dette kan oppfattast som nedrakking på motparten i ein konfliktsituasjon heller enn faktisk oppfatning av dei kristne.

Vi må kunne seia at *Vivo* formidlar lite kunnskap om norrøn religion, og mest stereotyp misoppfatning. Det som står om samisk religion er mykje betre (Bondevik, m. fl., 2010: : 134-35) – men det er veldig knapt, under 20 linjer. Og så er det noko misvisande at samane “var [...] helt avhengige av naturkreftene» fordi «de fleste samene levde av jakt, fiske og reindrift” (ibid: 134). Bønder er òg “helt avhengige av naturkreftene”, så det var ikkje noko som skilde samane frå nordmennene. Og då samane vart kristna, på 1700-talet, levde mange samar av jordbruk (Hansen og Olsen 2004: 192-97).

Norsk start 8-10 KRLE seier, som vi har sett, ingen ting om norrøn religion – men seier at “kristendommen har vært den største religionen i Norge fra 800-tallet” (Waale og Dølplads 2017: 94). Det stemmer ikkje, som kjent. Kristne fanst det nok i Noreg på 800-talet, men at kristendomen skal ha vore største religion, er det neppe grunnlag for å seia før ikring den tida vi reknar som religionsskiftet, 1030. Den nyaste forskinga gjev grunn til å tru at heidendomen stod sterkt i Uppland i Sverige endå mot slutten av 1000-talet (Ljungqvist 2018), jamvel om det ser ut til å ha vore kristne miljø langs Nordsjøkysten av Skandinavia 150-200 år tidlegare (t.d. Brink 2008, Nordeide 2013).

Cogito skriv ikkje så mange setningane om norrøn religion, men mesteparten av det som står, er bra (Haanes og Lundberg 2011b: 86). At det nødvendigvis “var noen i slekten som ledet blotet”, stemmer likevel ikkje.

Kontrasten til kristendomen, som forfattarane prøver å få fram («det var presten som skulle lede gudstjenesten») er at kultureiarane i kristendomen hadde formalisert opplæring og var godkjende av ein sentralisert, internasjonal organisasjon. Likevel kan dei ofte ha hatt mykje slekt i kyrkjelyden.

Oppsummert vil vi seia at kvaliteten på det som står om norrøn religion varierer svært, frå riktig bra til fullstendig misvisande. Kvaliteten på det som står om samisk religion, er jamt over høgre. Kva grunnen kan vera til det, veit vi ikkje. Kan det tenkjast at lærebokforfattarane kjende seg meir usikre på samisk religion, og derfor undersøkte det temaet betre?

3.3. *Kva omfang burde norrøn og samisk religion ha i dei norske religionsfaga?*

Til no i artikkelen har vi sett:

- i. At Kunnskapsløftet la opp til ein god del stoff om samisk religion for majoritetselevane, og mykje for dei samiske.
- ii. At Kunnskapsløftet ikkje la opp til at norrøn religion skulle vera eit eige tema.
- iii. At det dermed var markant meir om samisk religion enn norrøn religion i Kunnskapsløftet.
- iv. At skilnaden ikkje er like stor i lærebøkene som i læreplanane, sidan dei fleste av lærebøkene for grunnskulen har noko om norrøn religion.
- v. At Fagfornyninga, for både grunnskule og vidaregåande skule, legg opp til nedskjering av stoffet om samisk religion, til dels drastisk.
- vi. At Fagfornyninga, for både grunnskule og vidaregåande skule, opnar for meir norrøn religion enn Kunnskapsløftet gjorde.

Her skal vi koma med våre vurderingar av desse punkta ut frå spørsmålet: Korleis *burde* det vera?

Grunnen til at Kunnskapsløftet har hatt såpass klare krav om samisk religion, finn vi i Opplæringslova § “6-4 *Innhaldet i opplæringa*”, som seier at “læreplanar [...] skal gi pålegg om opplæring om den samiske folkegruppa og om språket, kulturen og samfunnslivet til denne folkegruppa i tilknytning til dei ulike fagområda.” (Kunnskapsdepartementet 2018). Bakgrunnen for dette igjen er at Noreg har ratifisert ILO-konvensjon 169 om urfolksrettar, og derfor teke inn denne paragrafen (108) i Grunnlova: “Dei statlege styresmaktene skal

leggje til rette for at den samiske folkegruppa kan tryggje og utvikle samisk språk, kultur og samfunnsliv.» (Justis- og beredskapsdepartementet 1814 / 2019, jf. Andreassen og Olsen 2015: 68-69 og Andreassen 2016: 44, 81).

Dette støttar vi sjølvsagt. At det skal vera ein del om samisk språk og kultur i norsk skule, er rimeleg etter dei lange tidene der alt samisk vart trakka ned og forsøkt stroke ut. Vi ser med uro på kuttet i stoff om samisk religion som dei nye læreplanane legg opp til, i majoritetslæreplanane og særleg i den samiske for vidaregåande skule (og ottast tilsvarende drastisk nedskjering også i den samiske KRLE-læreplanen, når den kjem).

Likevel tykkjer vi det er eit paradoks at den førkristne religionen til majoritetsbefolkninga skal ha mindre plass enn den samiske. Begge burde ha ein rimeleg plass.

Fleire av lærebøkene (m.a. Bondevik, m. fl., 2010: 134-35, Engen, m. fl., 2010a: 46, Haanes og Lundberg 2011a: 24) poengterer at den samiske religionen forsvann på grunn av tvangskristning. Dette kan ein sjå som symbolsk for lagnaden til den samiske kulturarven generelt, jamvel om mykje samisk språk og kultur òg har overlevd, i alle fall i visse distrikt. Men majoritetsbefolkninga i Noreg vart òg tvangskristna. Rett nok var det fyrst og fremst våre egne som stod for det, men det var òg eit stort innslag av press utanfrå (Steinsland 2005: 431-32). I høve til kristendomen, var norrøn religion ein urfolksreligion.

Derfor burde norrøn religion reknast med til bakgrunnen for samisk religion. Argumentet for at samiske skuleungar skal lære om “De [...] religiøse tradisjonene hos urfolk på den nordlige halvkule” er at dei og samisk religion “er en del av en felles religiøs arv” (Utdanningsdirektoratet 2015b: 2). Det er sjølvsagt sant, men det gjeld norrøn religion òg. Kunnskap om norrøn religion er ikkje mindre viktig for å forstå samisk religion enn kunnskap om sibirske religionar er det. Samisk og germansk religion hadde levd i samspel i langt over 1000 år då den germanske parten i samspelet måtte vike for kristendomen rundt år 1000 (derfor er omgrepet “norrøn” anakronistisk i denne samanhengen; dét gjeld berre vikingtida og mellomalderen). Begge religionane vart markant prega av hopehavet med den andre (t.d. Strömbäck 1935: 191-206, Bäckman 1975, Motz 1983, Løftingsmo 1990, Drobin og Keinänen 2001, Heide 2006: 300-314, Heide 2019).

Samisk religion er likevel berre ein underordna grunn til at elevar i norsk skule i dag bør lære om norrøn religion. Hovudgrunnane til dét står dels i Opplæringslova, dels i religionslæreplanane. Opplæringslova seier i § 1-1: “Opplæringa i skole og lærebedrift skal, i samarbeid og forståing med heimen, opne dører mot verda og framtida og gi elevane og lærlingane

historisk og kulturell innsikt og forankring. [...] Opplæringa skal bidra til å utvide kjennskapen til og forståinga av *den nasjonale kulturarven og vår felles internasjonale kulturarv.*” (Kunnskapsdepartementet 2018) Dei to formuleringane vi har kursivert her, inneber etter vårt skjøn at ein god del stoff om norrøn religion skal med i religionsfaga i skulen. Den nordiske religionshistoria som blir presentert i dagens lærebøker, tek i all hovudsak til med at kristendomen kom til Noreg. Den førkristne germanske religionen hoppa ein bukk over i Kunnskapsløftet. Men norrøn religion utgjer ikkje berre ein viktig del av kulturarven vår. *Han er blant Nordens viktigaste bidrag til den internasjonale kulturarven.* Vår eigen førkristne religion blir studert av lek og lærd over store delar av verda,⁹ og er eit viktig innslag i dagens globale populærkultur.¹⁰ Vi noterer oss med glede at desse formuleringane frå Opplæringslova blir tekne alvorleg i Fagfornyninga (pkt. 3.1. ovanfor).

Ein annan viktig grunn til å gje norrøn religion større plass i religionsfaga i norsk skule, er denne formuleringa frå Fagfornyninga for grunnskule og vidaregåande skule: “Kjennskap til ulike syn på og definisjoner av religioner og livssyn inngår i kjerneelementet” (Utdanningsdirektoratet 2019d: 3, Utdanningsdirektoratet 2019c: 4). I Kunnskapsløftet var det tilsvarende formuleringar (Utdanningsdirektoratet 2015c: 7-9, 2006: 4). Skal ein setja seg inn i religionsdefinisjonar, så trengst det døme, og ein forstår mest dersom ein del av døma er svært ulike. Men bokreligionane,¹¹ som utgjer brorparten av pensum i religionsfaga, er ikkje så ulike. Buddhismen, hinduismen, sikhismen og mange nyreligiøse trussamfunn, som elevane òg skal innom (Utdanningsdirektoratet 2019d: 2), skil seg meir frå bokreligionane. Men går vi vidare til ein etnisk religion som den norrøne, så er den på nær sagt

⁹ Blant dei fremste forskarane på feltet er Margaret Clunies Ross i Sydney, John Lindow i Berkeley, Stephen Mitchell ved Harvard, Rudolf Simek i Bonn og François-Xavier Dillmann i Caen. Livskraftige forskingsmiljø finn vi òg i land som Brasil og Japan, med forskarar som Johnni Langer (Universidade Federal da Paraíba) og Tsukusu Jinn Itó (Shinshū University), for å nemne to døme.

¹⁰ Som døme frå levande bilete kan vi nemne fjernsynsseriar som «Ragnarok» på Netflix frå 2020 av og «Vikings» frå 2013 av, eller «Vikings: Valhalla», som i skrivande stund er under utvikling for Netflix, og superheltefilmjar som «The Avengers» frå 2012 og «Thor» frå 2011. Som døme frå musikklivet kan vi nemne black metal frå rundt 1990 av, og seinare såkalla viking og pagan metal. Publikumssuksessar i dag er meir eksperimentelle grupper som brukar verdsmusikk og historiske folkeinstrument, kombinerte med tekstar som ofte er inspirerte av norrøn mytologi. Gode døme på dette er Wardruna og Heilung.

¹¹ Somme tykkjer kanskje denne nemninga er gammalmodig og upresis. Mellom anna vil t.d. buddhismen òg kunne reknast som ein bokreligion. Men vi trur lesarane skjønar kva vi meiner, og vi har ikkje funne noka anna nemning som enkelt uttrykker det same utan å vera uehdig på andre måtar.

alle punkt *motsett* bokreligionane. Derfor er han svært godt eigna til å setja bokreligionane i relieff. Jamfør denne lista, som er henta frå Steinsland (2005: 33, jf. 1989: 207-09), men er noko modifisert og utvida av oss (og er sjølv sagt ei forenkla framstilling):

Kristendom

Universalreligion / frelsesreligion
 Alle menneske i verda
 Misjon
 Transcendental
 Frelse, etter døden
 Trus-eksklusiv
 Individuell livsorientering
 Sentralisert
 Dogmatisk
 Lære
 Éin gud
 Allmektig gud
 Gud framstilt som lytefri
 Mannleg kultleing
 Sakralbygg avgjerande
 Absolutt moral: Synd, nåde, frelse, fortaping

Norrøn førkristen religion

Etnisk religion / folkerelegion
 Eiga folkegruppe
 Ikkje misjon (gjeld berre eige folk)
 Dennesidig
Friðr 'harmoni, velstand', her og no
 Kulteksklusiv
 Kollektiv livsorientering
 Sentral instans finst ikkje
 Udogmatisk
 Tradisjon
 Mange gudar
 Avmektige guder, taper til slutt
 Gudane framstilte som umoralske
 Mannleg og kvinneleg kultleing
 Eigne sakralbygg mindre viktige
 Relativ moral, det som gjev ære er rett

Når det gjeld sakralbygg, har samisk religion maksimal kontrast til kristendomen. Totalt sett er norrøn religion likevel ein endå meir instruktiv kontrast til bokreligionane enn samisk religion er, sidan norrøn religion hørde til i eit fullstendig bufast samfunn, slik som dagens samfunn.

I andre delar av verda vil det vera andre etniske religionar det er naturleg å presentere. Her hos oss er det norrøn religion og samisk religion. Avstår ein frå å gje eit fyldig bilete av dei i religionsfaga, så gjev ein frå seg ikkje berre ein verdifull sjanse til å vise kor ulike religionar kan vera. Ein gjev òg frå seg ein verdifull sjanse til å fremja innsikt i kva religion er, som fenomen. Det som skal formidlast i religionsfaga er meir enn ei samling viktige religionar, det er

òg noko på høgre abstraksjonsnivå. Då kan dei etniske religionane setja dei andre i perspektiv, gjera at fenomenet religion kjem klårare til syne.

Vi har faktisk eit døme frå ei KRLE-lærebok på at ein utnyttar kontrasten mellom kristendomen og norrøn religion pedagogisk. Det såg vi i pkt. 3.2. ovanfor, i 6.-klasseboka til *Vi i verden*: “I den gamle åsatroen hadde hvert sted sine skikker og sin spesielle gud å ofre til. Kristendommen var derimot ganske lik fra sted til sted. Alle kristne ba til den samme guden. Gudstjenesten var bygd opp på samme måte overalt.” (Berg, m. fl., 2006: 17) Dette er bra, men ein kunne gjort mykje meir ut av det.

Med å ikkje dra inn norrøn og samisk religion i større grad, gjev ein òg frå seg eit anna pedagogisk verkemiddel. Det er vanleg i undervisninga å bruke “religiøse artefakter”, som bønelenkjer, mekkakompass, osb., og å oppsøke kyrkjer og moskear (Andreassen 2016: 23-25, 116, 192-93). Dette konkretiserer stoffet, gjer det nærare og meir handgripeleg, og dermed lettare å lære og å ta til seg i dannelsingsprosessen. På same vis kunne ein oppsøkt førkristne kultstader, som gravhaugar, gravrøysar, fallossteinar, bautasteinar, offersteinar (*sieidi*-steinar), fossar, hamrar, fjell med namn som *Helgabergget*, *Hægefjell* (i Telemark, der gammalnorsk *helga* er vorte *hæge*), *Bassevárri* ‘helgafjell’, *Áilegas* ‘det heilage’, osb. På den måten kunne ein både fått fram variasjonen innanfor religion i mykje større grad enn no, og arbeiddd tverrfagleg, som er eit mål både i dei nye læreplanane (Utdanningsdirektoratet 2017: 12-13, Kunnskapsdepartementet 2019) og dei tidlegare. Ein kunne m.a. hatt ekskursjonar i lag med samfunnsfag / historie, naturfag, kroppsøving og norsk (det er ofte segner knytte til slike stader, sjå <https://segner.no/>, som er bygd opp med tanke på slik bruk, jf. Bjørlykke og Økland 2019). Dette ville gjeve meir “historisk og kulturell innsikt og forankring” og utvida “kjennskapen til og forståinga av den nasjonale kulturarven og vår felles internasjonale kulturarv”, slik Opplæringslova set som mål (Kunnskapsdepartementet 2018). Spesielt godt ville det høvd med målet i Fagfornyninga om at elevane skal få «Respekt for naturen og miljøbevissthet» og at dei skal ønske berekraftig utvikling (Utdanningsdirektoratet 2017: 7, 12-14; Utdanningsdirektoratet 2019d: 4).

Mot hovudpoenget vårt i artikkelen kan ein innvende at elevane møter noko om norrøn religion i norsk og samfunnsfag (t.d. Drivflaadt m. fl. 2013: 191, 242, 336, 394; Libæk m. fl. 2008: 27, éi linje). Då kan ein meine det ikkje er så viktig å ha dette med i religionsfaga. Men i dei andre faga gjeld det ikkje religionen i seg sjølv (i norskfaget derimot nokre kjeldetekstar som litteratur), og dersom ein meiner det skal vera ei arbeidsdeling mellom religionsfaga,

norskfaget og samfunnsfag når det gjeld norrøn religion og samisk religion, så bør læreplanane fastsetja det. Til no har dette vore heilt tilfeldig, og det ser ikkje lovande ut når det gjeld norsk og samfunnsfag si rolle i ei eventuell slik arbeidsdeling. I Kunnskapsløftet for norsk og samfunnsfag har det vore minimalt grunnlag for å tolke inn norrøn og samisk religion, og i Fagfornyninga er det endå mindre. I Fagfornyninga for norskfaget er alt som står om mytologi eller førkristen religion at elevane i 2. og 3. klasse i vidaregåande skule, studieførebuande utdanningsprogram, skal “sammenligne fortellemåter og verdier i et utvalg samtidstekster med fortellemåter og verdier i myter og folkediktning” (Utdanningsdirektoratet 2013a: 11, 13). Slik dette er formulert, treng det ikkje vera norrøne eller samiske mytar. I Fagfornyninga for norsk blir ikkje orda “myte” eller “mytologi” nemnde (Utdanningsdirektoratet 2019e). I samfunnsfag (som omfattar historie) seier ikkje Kunnskapsløftet nokon ting om norrøn religion / mytologi (Utdanningsdirektoratet 2013b). Der er det likevel naturleg å tolke inn samisk religion under eitt av kompetansemåla for 4.-klasse; elevane skal “beskrive sentrale trekk ved samisk kultur og levemåte fram til kristninga av samane” (Utdanningsdirektoratet 2013b: 6). Fagfornyninga for samfunnsfag har ei klårt mindre forpliktande formulering. No skal elevane “presentere årsaker til at samane har urfolksstatus i Noreg, og beskrive forskjellige former for samisk kultur- og samfunnsliv før og no” (Utdanningsdirektoratet 2019f: 7). I den læreplanen står det ingen ting om norrøn religion eller mytologi, og orda “myte” eller “mytologi” er ikkje nemnde (Utdanningsdirektoratet 2019f). I den grad lærebøker i norsk og samfunnsfag har dekt norrøn religion, er det altså langt på veg fordi lærebokforfattarar har meint det bør vera med, trass i at læreplanane ikkje har lagt opp til det (parallelt til det vi har sett i lærebøker for religionsfaga). Men dei nye læreplanane legg endå mindre opp til det, og dei legg opp til kutt i samisk religion, som eit par tiår no har hatt ein solid plass. Då er det ekstra viktig å få meir om norrøn religion i lærebøkene til religionsfaga, no som dei nye læreplanane opnar for det, og at samisk religion ikkje blir kutta i lærebøkene.¹²

¹² Den empiriske delen av manuskriptet vart avslutta i mai 2020.

Litteratur

- Andreassen, Bengt-Ove. 2016. *Religionsdidaktikk. En innføring*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Andreassen, Bengt-Ove og Torjer A. Olsen. 2015. "Religionsfaget i videregående skole. En læreplanhistorisk gjennomgang 1976-2006". *Prismet* 2-2015. 65-79.
- Aronsen, Camilla Fines m. fl. 2008. *Eksistens. Religion, etikk, livssyn, filosofi*. Nynorsk. Oslo: Gyldendal.
- Berg, Mari Ann m. fl. 2006. *Vi i verden 6. Kristendoms-, religions- og livssynskunnskap. Elevbok*. Bokmål. Oslo: Cappelen.
- Berg, Mari Ann m. fl. 2008. *Vi i verden 7. Religion, livssyn og etikk. Elevbok*. Bokmål. Oslo: Cappelen.
- Bjørlykke, Bjørn og Nils Tore Gram Økland. 2019. "Segner som pedagogisk ressurs". *Norsklæraren* 4-2019: 55 – 61.
- Bondevik, John Harald m. fl. 2010. *Vivo. RLE 5-7. Grunnbok*. Bokmål. Oslo: Gyldendal.
- Brink, Stefan. 2008. "Christianisation and the emergence of the early Church in Scandinavia." I Stefan Brink og Neil S. Price (red.): *The Viking world*. The Routledge worlds. London: Routledge: 621-28.
- Bäckman, Louise. 1975. *Sájva. Föreställningar om hjälp- och skyddsväsen i heliga fjäll bland samerna*. Stockholm studies in comparative religion 13. Dr. philos.-avhandling, Stockholms universitet. Stockholm: Almqvist & Wiksell.
- Børresen, Beate. 2017. *KRLE-boka 5-7. Elevbok. Bokmål*. Oslo: Cappelen Damm.
- Børresen, Beate og Bo Malmhester. 2006. *Tenke sammen. Å arbeide med filosofi*. Oslo: Aschehoug.
- Clunies Ross, Margaret. 1994. "Þórr's Honour." I Heiko Uecker (red.): *Studien zum Altgermanischen. Festschrift für Heinrich Beck*. Ergänzungsbände zum Reallexikon der Germanischen Altertumskunde 11. Berlin / New York: de Gruyter. 48-76.
- Drivflaadt, Elin m. fl. 2013. *Fabel. Norsk for ungdomstrinnet. Lærebok 8. Nynorsk*. Oslo: Aschehoug.
- Drobin, Ulf og Marja-Liisa Keinänen. 2001. "Frey, Veraldin olmai och Sampo." I Michael Stausberg (red.): *Kontinuitäten und Brüche in der Religionsgeschichte. Festschrift für Anders Hultgård zu seinem 65. Geburtstag am 23.12.2001*. Ergänzungsbände zum Reallexikon der Germanischen Altertumskunde 31. Berlin: de Gruyter: 136-69.
- Eddukvæði I. Goðakvæði*. 2014. Íslenzk fornit 36. Jónas Kristjánsson og Vésteinn Ólasson gáfu út með inngangi og skýringum. Ritstjóri: Þórður Ingi Guðjónsson. Reykjavík: Hið íslenska fornritafélag.
- Egeland, Elen m. fl. 2009. *Vivo. RLE 3-4. Grunnbok*. Bokmål. Oslo: Gyldendal.
- Egeland, Elen m. fl. 2010. *Vivo. RLE 1-2. Grunnbok*. Bokmål. Oslo: Gyldendal.
- Einarsen, Heidi Guttorm. 2011. *Ovttas. Oskkoldagat ja eallinoaidnu 5-7*. Kárásjohka: ČálliidLágáduš / ForfatterneForlag.

- Einarsen, Heidi Guttorm. 2012a. *Ovttas. Sirkumpolára eamiálbmogat ja sin oskkoldagat 5.-7. c. Kárásjohka: ČálliidLágádus / ForfatternesForlag.*
- Einarsen, Heidi Guttorm. 2012b. *Ovttas. Filosofija ja etihka 5-7. Kárásjohka: ČálliidLágádus / ForfatternesForlag.*
- Engen, Dagrún Astrid Aarø m. fl. 2009a. *Inn i livet 1. Religion, livssyn og etikk.* Bokmål. Oslo: Samlaget.
- Engen, Dagrún Astrid Aarø m. fl. 2009b. *Inn i livet 5. Religion, livssyn og etikk.* Nynorsk. Oslo: Samlaget.
- Engen, Dagrún Astrid Aarø m. fl. 2011a. *Inn i livet 4. Religion, livssyn og etikk.* Nynorsk. Oslo: Samlaget.
- Engen, Dagrún Astrid Aarø m. fl. 2011b. *Inn i livet 7. Religion, livssyn og etikk.* Nynorsk. Oslo: Samlaget.
- Engen, Dagrún Astrid Aarø m. fl. 2011c. *Inn i livet 3. Religion, livssyn og etikk.* Nynorsk. Oslo: Samlaget.
- Engen, Dagrún Astrid Aarø m. fl. 2010a. *Inn i livet 6. Religion, livssyn og etikk.* Nynorsk. Oslo: Samlaget.
- Engen, Dagrún Astrid Aarø m. fl. 2010b. *Inn i livet 2. Religion, livssyn og etikk.* Bokmål. Oslo: Samlaget.
- Finnur Jónsson. 1912-15. *Den Norsk-islandske skjaldedigtning.* 4 band. Band A 1 og A 2 tekst etter handskriftene, B 1 og B 2 restituert tekst. Fotografisk nyprent 1967-73, København: Rosenkilde og Bagger. København: Gyldendal.
- Gaare, Odd. 2019. "En opplæring uten forankring i samisk kultur- og samfunnsliv?". *Nordlys / Nordnorsk debatt* 06.05.2019. <https://nordnorskdebatt.no/article/en-opplaering-uten-forankring-i>.
- Gunnell, Terry. 2015. "Pantheon? What Pantheon? Concepts of a Family of Gods in Pre-Christian Scandinavian Religions". *Scripta Islandica.* 55-76.
- Haanes, Elisabeth Kvadsheim og Barbro Lundberg. 2011a. *Cogito 6. Religion, livssyn og etikk.* Elevbok. Bokmål. Oslo: Samlaget.
- Haanes, Elisabeth Kvadsheim og Barbro Lundberg. 2011b. *Cogito 7. Religion, livssyn og etikk.* Elevbok. Bokmål. Oslo: Samlaget.
- Hansen, Lars Ivar og Bjørnar Olsen. 2004. *Samenes historie fram til 1750.* Oslo: Cappelen
- Heide, Eldar. 2006. *Gand, seid og åndevind.* Dr. art.-avhandling, Universitetet i Bergen.
- Heide, Eldar. 2019. "The Wild Host and the Etymology of Sami Stállu and Norwegian Ståle(sferda). Reflecting Ancient Contact". *Arv. Nordic Yearbook of Folklore* 75. 73-93.
- Heien, Frode m. fl. 2011. *Cogito 5. Religion, livssyn og etikk.* Elevbok. Bokmål. Oslo: Samlaget.
- Heiene, Gunnar m. fl. 2014. *Tro og tanke. Religion og livssyn for den videregående skolen.* Oslo: Aschehoug.

- Heier, Ingvild Guttormsen m. fl. 2020. *Store spørsmål. KRLE 1-2*. Bokmål. Oslo: Aschehoug.
- Helskog, Guro Hansen og Andreas Ribe. 2006a. *Dialogos. Filosofi for ungdomstrinnet. Elevbok 8. trinn. Bokmål*. Oslo: Forlaget Fag og Kultur.
- Helskog, Guro Hansen og Andreas Ribe. 2006b. *Dialogos. Praktisk filosofi i skolen. Elevbok. Bokmål*. Oslo: Forlaget Fag og Kultur.
- Helskog, Guro Hansen og Andreas Ribe. 2007. *Dialogos. Filosofi for ungdomstrinnet. Elevbok 9. trinn. Bokmål*. Oslo: Forlaget Fag og Kultur.
- Hodne, Hans og Helje Kringlebotn Sodal. 2011. *Du og jeg. RLE 4*. Bokmål. Kristiansand: Høyskoleforlaget.
- Hodne, Hans m. fl. 2011a. *Du og jeg. RLE 7*. Bokmål. Kristiansand: Høyskoleforlaget.
- Hodne, Hans m. fl. 2011b. *Du og jeg. RLE 5*. Bokmål. Kristiansand: Høyskoleforlaget.
- Hodne, Hans m. fl. 2011c. *Du og jeg. RLE 6*. Bokmål. Kristiansand: Høyskoleforlaget.
- Holth, Gunnar og Hilde Deschington. 2006. *Horisonter 8. Grunnbok*. Bokmål. Oslo: Gyldendal.
- Holth, Gunnar og Kjell Arne Kallevik. 2008. *Horisonter 10. Grunnbok*. Bokmål. Oslo: Gyldendal.
- Holth, Gunnar m. fl. 2007. *Horisonter 9. Grunnbok*. Bokmål. Oslo: Gyldendal.
- Hove, Olav m. fl. 2017. *Store spørsmål 10. Kristendom, religion, livssyn og etikk*. Bokmål. Oslo: Aschehoug.
- Hove, Olav m. fl. 2015. *Store spørsmål 8. Kristendom, religion, livssyn og etikk*. Bokmål. Oslo: Aschehoug.
- Hove, Olav m. fl. 2016. *Store spørsmål 9. Kristendom, religion, livssyn og etikk*. Bokmål. Oslo: Aschehoug.
- Hove, Olav m. fl. 2020. *Store spørsmål. KRLE 8-10*. Bokmål. Oslo: Aschehoug.
- Justis- og beredskapsdepartementet, 1814 / 2019: *Kongeriket Noregs grunnlov*. <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1814-05-17-nn>.
- Kristiansen, Roald E., 2004a: *Máilmmi oskkut 8-10. Oahppogirji nuoraidskuvlii*. Kárášjohka: ČálliidLágádus.
- Kristiansen, Roald E. 2004b. *Davviguovlluid eamiálbmogiid oskkut ja sámii dološ osku 8-10*. Kárášjohka ČálliidLágádus.
- Kristiansen, Roald E. 2011. *Oskkoldat ja etihkka J3. Joatkkaskuvlla oskkoldat ja etihkka oahppogirji*. Kárášjohka ČálliidLágádus.
- Kristiansen, Roald E. 2012a. *Almmi speajal. Filosofiija & etihkka 8-10*. Kárášjohka ČálliidLágádus.
- Kristiansen, Roald E. 2012b. *Almmi speajal. Risttálašvuohta & eallinoaidnu 8-10*. Kárášjohka ČálliidLágádus.

- KUD. 1996. *Læreplanverket for den 10-årige grunnskolen*. Oslo: Det kongelige kirke-, utdannings- og forskningsdepartement / Nasjonalt læremiddelsenter.
- Kunnskapsdepartementet. 2016. *Fag – fordypning – forståelse. En fornyelse av Kunnskapsløftet*. Stortingsmelding nummer 28 2015-2016. Oslo: Departementenes sikkerhets- og serviceorganisasjon.
- Kunnskapsdepartementet. 2018. *Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova)*. Sist endret: LOV-2018-06-22-83 fra 01.11.2019, LOV-2019-06-21-60 fra 01.08.2019. Ligg på <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1998-07-17-61>.
- Kunnskapsdepartementet. 2019. *Fornyer skolens innhold: Nye læreplaner skal gi elevene tid til mer fordypning*. Pressemelding 18.11.2019. Nr: 259-19. <https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/nye-lareplaner-skal-gi-elevene-tid-til-mer-fordypning/id2678138/>.
- Kvamme, Ole Andreas m. fl. 2013. *I samme verden. Religion og etikk, VG3. Bokmål*. Oslo: Cappelen Damm.
- Libæk, Ivar m. fl. 2008. *Globus. Samfunnsfag 7. Elevbok. Bokmål*. Oslo: Cappelen Damm.
- Ljungqvist, Fredrik Charpentier. 2018. "Hednisk motstånd i Svealand under sent 1000-tal". *Historisk tidskrift* 138:2. 197-226.
- Løftingsmo, Arnt. 1990. *Edda i aust. Gudediktinga i lys av kvitsjøhandelen og det eurasiske verdsbildet*. Oslo: Solum.
- Marold, Edith. 1985. "Das Gottesbild der christlichen Skaldik." *The Sixth International Saga Conference 28/7-2/8 1985. Workshop Papers*. København: Det arnamagnæanske institut. 717-49.
- Meulengracht Sørensen, Preben. 1977. "Starkaðr, Loki og Egill Skallagrímsson." I Jónas Kristjánsson og Einar G. Pétursson (red.): *Sjöttú ritgerðir helgaðar Jakobi Benediktssyni 20. júlí 1977*. Rit Stofnun Árna Magnússonar á Íslandi 12. 2 band med løpande paginering. Reykjavík. 759-68.
- Motz, Lotte. 1983. "The northern heritage of Germanic religion". *Mankind Quarterly* 23. 365-82.
- Mundal, Else. 1990. "Kristninga av Noreg og Island reflektert gjennom samtidig skaldediktning". *Collegium Medievale* 3(2). 145 -62
- Mundal, Else. 1995. "Kristusframstillinga i den tidlege norrøne diktinga." I Hans-Emil Lidén, (1929-) (red.): *Møtet mellom hedendom og kristendom i Norge*. Oslo: Universitetsforlaget. 255-268.
- Mundal, Else. 2001. "Skaping og undergang i *Vóluspá*." I Rudolf Simek og Ásdís Egilsdóttir (red.): *Sagnaheimur. Studies in honour of Hermann Pálsson on his 80th birthday, 26th May 2001*. Studia medievale septentrionalia 6. Wien: Fassbaender. 195-207.

- Nordeide, Sæbjørg Walaker. 2013. "Trosskiftet i Romsdal ved forrige tusenårsskifte". *Romsdalsmuseet. Årbok 2013*. 152 – 73.
- Skrunes, Njål. 2010. *Lærebokforskning - En eksplorerende presentasjon med særlig fokus på Kristendoms kunnskap, KRL, og Religion og etikk*. Oslo: Abstrakt forlag.
- Steinsland, Gro. 1989. "Religionsskiftet i Norden – et dramatisk ideologiskifte." I Anders Andréén (red.): *Medeltidens fødsel*. Lund: Gyllenstiernska Krapperupstiftelsen. 203-11.
- Steinsland, Gro. 1991 [1989]. *Det hellige bryllup og norrøn kongeideologi. En analyse av hierogami-myten i Skírnismál, Ynglingatal, Háleygjatal og Hyndluljóð*. Doktoravhandling, Universitetet i Oslo: Solum.
- Steinsland, Gro. 2005. *Norrøn religion. Myter, riter, samfunn*. Oslo: Pax.
- Steinsland, Gro og Kari Vogt, 1981: "Aukinn ertu Uolse ok vpp vm tekinn". *Arkiv för Nordisk Filologi* 96. 87-106.
- Strömbäck, Dag. 1935. *Sejd. Textstudier i nordisk religionshistoria*. Nordiska texter och undersökningar 5. Stockholm: Geber.
- Utdanningsdirektoratet. 2006. *Læreplan i religion og etikk, fellesfag i studieforberedende utdanningsprogram*. Gjelder fra 01.08.2006. Gjelder til 31.07.2022. <http://data.udir.no/kl06/REL1-01.pdf>.
- Utdanningsdirektoratet. 2008. *Læreplan i religion, livssyn og etikk (RLE1-01)*. Gyldig 01.08.2008 - 31.07.2015. Upaginert på: https://www.udir.no/kl06/RLE1-01/Hele/Komplett_visning?read=1.
- Utdanningsdirektoratet. 2013a. *Læreplan i norsk*. Fastsatt som forskrift av Kunnskapsdepartementet 20.06.2013. Gjelder fra 01.08.2013. Gjelder til 13.07.2022 <http://data.udir.no/kl06/NOR1-05.pdf>.
- Utdanningsdirektoratet. 2013b. *Læreplan i samfunnsfag*. Fastsatt som forskrift av Kunnskapsdepartementet 21.06.2013. Gjeld frå 01.08.2013. <http://data.udir.no/kl06/SAF1-03.pdf>.
- Utdanningsdirektoratet. 2015a. *Læreplan i religion og etikk, samisk plan, fellesfag i studieforberedende utdanningsprogram*. Gjelder fra 01.08.2007. <http://www.udir.no/kl06/REL2-01>.
- Utdanningsdirektoratet. 2015b. *Læreplan i kristendom, religion, livssyn og etikk - samisk*. Fastsatt som forskrift av Kunnskapsdepartementet 09.12.2015. Gjelder fra 01.01.2016. <https://www.udir.no/kl06/RLE2-02>.
- Utdanningsdirektoratet. 2015c. *Læreplan i kristendom, religion, livssyn og etikk (KRLE)*. Fastsatt som forskrift av Kunnskapsdepartementet 18. juni 2015. Gjelder fra 01.08.2015. <https://www.udir.no/kl06/RLE1-02/Hele/Kompetansemaal/etter-10.-arstrinn>.
- Utdanningsdirektoratet. 2017. *Overordnet del – verdier og prinsipper for grunnsopplæringen*. <https://www.udir.no/lk20/overordnet-del/>.

- Utdanningsdirektoratet. 2019a. *Læreplan i religion og etikk, samisk plan, fellesfag i studieforberedende utdanningsprogram*. Fastsatt som forskrift av Kunnskapsdepartementet 15.11.2019. Gjelder fra 01.08.2020. <https://data.udir.no/kl06/v201906/laereplaner-lk20/REL02-02.pdf>.
- Utdanningsdirektoratet. 2019b. [Høringsutkast til] *Læreplan i kristendom, religion, livssyn og etikk (KRLE)*. Publisert 18. mars 2019, <https://hoering.udir.no/Hoering/v2/348?notatId=688>.
- Utdanningsdirektoratet. 2019c. *Læreplan i religion og etikk – fellesfag i studieforberedende utdanningsprogram. Fastsatt som forskrift av Kunnskapsdepartementet 15.11.2019. Gjelder fra 01.08.2020*. Ligg på <https://data.udir.no/kl06/v201906/laereplaner-lk20/REL01-02.pdf>. Oslo.
- Utdanningsdirektoratet. 2019d. *Læreplan i kristendom, religion, livssyn og etikk (KRLE). Fastsatt som forskrift av Kunnskapsdepartementet 15.11.2019. Gjelder fra 01.08.2020*. Ligg på <https://data.udir.no/kl06/v201906/laereplaner-lk20/RLE01-03.pdf>.
- Utdanningsdirektoratet. 2019e. *Læreplan i norsk*. Fastsatt som forskrift av Kunnskapsdepartementet 15.11.2019. Gjelder fra 01.08.2020. <https://data.udir.no/kl06/v201906/laereplaner-lk20/NOR01-06.pdf>.
- Utdanningsdirektoratet. 2019f. *Læreplan i samfunnsfag*. Fastsatt som forskrift av Kunnskapsdepartementet 15.11.2019. Gjelder fra 01.08.2020. <https://data.udir.no/kl06/v201906/laereplaner-lk20/SAF01-04.pdf>.
- Waale, Ragnhild Bakke og Hanne Dølplads. 2017. *Norsk start 8-10 KRLE*. Oslo: Cappelen Damm.
- Waale, Ragnhild Bakke m. fl. 2017. *KRLE-boka. 8-10. Basis*. Oslo: Cappelen Damm.
- Wiik, Pål og Ragnhild Bakke Waale. 2006a. *Under samme himmel 2. Bokmål*. Oslo: Cappelen.
- Wiik, Pål og Ragnhild Bakke Waale. 2006b. *Under samme himmel 1. Bokmål*. Oslo: Cappelen.
- Wiik, Pål og Ragnhild Bakke Waale. 2007. *Under samme himmel 3. Bokmål*. Oslo: Cappelen.
- Wiik, Pål og Ragnhild Bakke Waale. 2016. *KRLE-boka. 8-10. Bokmål*. Oslo: Cappelen Damm.